



Alver kommune Plan og byggesak
Are Frøysland Grande
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3564 - 21/36036

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2021

Uttale frå landbruk- gbnr 349/11 som gjeldt frådeling av gamalt våningshus i område avsett til byggjeområde

I denne saka er det gamle våningshuset lagt ut til byggjeområde i kommuneplanen og då gjeldt ikkje reglane jordlova sine reglar om omdisponering og deling. Sjølv om dette er det opprinnelege våningshuset på garden har landbruksavdelinga ikkje noko høve til å kommentera som det var lurt eller ikkje i høve til ivareta landbruksinteresser, då avgjerda om arealbruken er vedteken i plan.

Bruket er ikkje i sjølvstendig drift, men areala vert leigd vekk. At våningshus og driftsbygning er utlagt til bustadføremål vil sjølvstendig ha betydning for framtidig drift, men så lenge det ikkje er sett i gong noko reguleringsprosess vil bruken til vera som før. Noverande eigar bur på tilgrensande tomt.

Arealbruken i området rundt tunet er etablert med at bygningane er der, så det er lite sannsynleg at ei frådeling vil skapa problem for framtidig planlegging.

§ 2. Virkeområde ⁽¹³⁾



Relaterte kilder ⁽¹⁴⁾ Endringer ⁽¹⁵⁾

Denne lova gjeld for heile landet. Føresegnene i §§ 9 og 12 ⁽¹⁴⁾ gjeld likevel ikkje for område som:

a) I reguleringsplan ⁽¹⁵⁾ er lagt ut til anna føremål enn landbruk eller hensynssone som med tilhørende bestemmelse fastlegger faresone, jf. plan- og bygningsloven § 12-6. ⁽¹⁶⁾ ⁽¹⁷⁾

b) I bindande arealdel av kommuneplan ⁽¹⁸⁾ er lagt ut til

1. bebyggelse og anlegg ⁽¹⁹⁾, eller

2. landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift der grunnutnyttinga er i samsvar med føresegner ⁽²⁰⁾ om spreidd utbygging som krev at det ligg føre reguleringsplan før deling og utbygging kan skje.

Ved vedtak eller godkjenning av kommuneplan eller reguleringsplan kan det gjerast vedtak av planmyndigheitene om at føresegnene i §§ 9 og 12 skal gjelde for planområda eller avgrensa deler av dei. ⁽²¹⁾

Føresegnene i §§ 9 og 12 gjeld ikkje for tiltak med konsesjon etter energiloven § 3-1, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven. ⁽²²⁾

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG